



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
97/2015	Kommunestyret	PS	14.12.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FA - S11	15/77

SØKNAD OM KONSESJON FOR BOGE 3 - NY VURDERING

Vedlegg:

Ad Endringer i vassføring Vaksdalsvassdraget

VS Endring konsesjonsøknad Boge 3

Bevaring av Vaksdalsvassdraget - anmodning om ny handsaming av Boge

Brev frå bevaring av Vaksdalsvassdraget vedrørende opmoding om å ta saka opp til ny handsaming -

Notat frå rådmannen

Høringsbrev - søknad om bygging av boge 3 i Vaksdal kommune i Hordaland. NVEs referanse

201300315-4

Førebels uttale frå grunneigarar på Boge til det planlagte vannkra

Høyringsuttale til Boge 3 i Vaksdal kommune

Uttale om Boge Kraft AS sin søknad om konsesjon for bygging av Boge 3

Uttale - søknad om bygging av boge 3 i Vaksdal kommune i Hordaland - Boge Kraft AS

Søknad om konsesjon for bygging av Boge 3

Orientering til høyringspartane

Vedlegg til konsesjonsøknad

201300315-4Høringsbrev - søknad om bygging av boge 3 i Vaksdal kommune i Hordaland med vedlegg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1:

Vaksdal kommune går i mot at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Bogevatnet vert nytta som kommunal drikkevasskjelde i enno 2-3 år og seinare som reservevasskjelde. Tiltaket kan gje auka risiko for ureining av Bogevatnet som reservevasskjelde.

Vaksdalsvassdraget vil missa vassføringa frå Svartavatnet. Dette vassdraget er frå før kraftig regulert, og nye reguleringar er planlagt med fråføring av vatn i øvre del til Samnanger. Norgesmøllene AS vil få økte energikostnader og mindre tilgjengelig kraft / effekt, då spesielt vinterstid, som følgje av avtale mellom Norgesmøllene AS og Norsk Grønnkraft AS.

Overføring av Krossatjørnane til Svartavatnet og tapping av dette vatnet med tunnel ned at til ny kraftstasjon ved Bogevatnet vera negativt i friluftsamheng med tørrlagde elvefar mellom Krossatjørnane og Bogevatnet.

Alternativ 2:

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk på følgjande vilkår:

1. Vaksdal kommune legg til grunn at partane etablerer ein samordningsavtale som sikrer avbøtande tiltak for negative verknader av utbygginga.
2. Endringsmeldingane som Boge kraft har sendt inn til NVE vert inntatt i konsesjon med følgjande tilleggsvilkår.
 - a. Bygningsmessige tiltak i nedbørfelt til Boge vatnet kan ikkje starte før ny vasskjelde i Sædalen er sett i drift samt at det ligg føre oppstartsløyve frå Mattilsynet.
 - b. Vaksdal kommune og Boge kraft må inngå avtale om leie av kommunens fallretter frå Krosstjørnane til Boge vatnet.
 - c. Det vert sett miljøkrav til utbygginga som gir tilstrekkeleg tryggleik for Boge vatnet som framtidig reservevasskjelde.
 - d. Framføringsveg for kraftverk skal liggja ein meter under sommarsesongens lågaste regulerte vasstand.
 - e. Regulering av kva som skal skje med massane
 - f. Avbøtande tiltak for natur og friluftsliv

Kommunestyret - Sak 97/2015

KOM - Behandling:

Rådmannen gav ein saksopplysning mottatt på epost frå dagleg leiar i Norsk Grønnkraft:
"Norsk Grønnkraft fakturerer ved siden av strømsalget til Norgesmøllene en nettleie som inkluderer fastledd, effektledd og energiledd."

Dei 2 alternative framlegga frå rådmannen vart sett opp mot kvarandre - alternativ 1 vart samrøystes vedteke.

KOM - Vedtak:

Vaksdal kommune går i mot at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Boge vatnet vert nytta som kommunal drikkevasskjelde i enno 2-3 år og seinare som reservevasskjelde. Tiltaket kan gje auka risiko for ureining av Boge vatnet som reservevasskjelde.

Vaksdalvassdraget vil missa vassføringa frå Svartavatnet. Dette vassdraget er frå før kraftig regulert, og nye reguleringar er planlagt med fråføring av vatn i øvre del til Samnanger. Norgesmøllene AS vil få økte energikostnader og mindre tilgjengelig kraft / effekt, då spesielt vinterstid, som følgje av avtale mellom Norgesmøllene AS og Norsk Grønnkraft AS.

Overføring av Krossatjørnane til Svartavatnet og tapping av dette vatnet med tunnel ned at til ny kraftstasjon ved Boge vatnet vera negativt i friluftssamanheng med tørrlagde elvefar mellom Krosstjørnane og Boge vatnet.

Saksopplysningar:

Boge Kraft AS søkte NVE den 30.12.2014, om løyve til bygging av Boge 3 i Vaksdal kommune. Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Boge 3 med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Vaksdal kommune er høyringspart og skal på bakgrunn av utbyggjar sin søknad gje ein positiv eller negativ innstilling til tiltaket, der vurderingstemaet for kommunen er om dei lokale fordelane ved

tiltaket oppveigar dei lokale skadene og ulempene. Konsesjonsmyndigheitene vil gjere ei breiare vurdering, under dette kva for nasjonale omsyn som gjer seg gjeldande, slik at kommunen si oppgåve i første rekkje er å vurdere tiltaket med «lokale auge». Dette er problematiske vurderingar og grensesnitt for dei fleste kommunar.

jf. bl.a. Ot.prp.nr. 43 (1989-1990), merknader til § 2-1, hvor det vises til at "**[o]ffentlige organer som skal få meldingen til uttalelse er bl.a. forvaltningsinstanser som har ansvaret for allmennhetens interesser som f.eks. fylkesmannen, berørte kommuner og fylkeskommune**". Under allmenne interesser er samme sted angitt å høre "**bl.a vitenskap, kultur, naturvern og friluftsliv, landskap, fugletrekk, fisk, næringsliv samt det berørte lokalsamfunn og de berørte kommuner**".

Kommunestyret gjorde i møte den 4. mai 2015 (sak 26/2015)følgjande vedtak:

«Vaksdal kommune rår frå at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Bogevatnet vert nytta som kommunal drikkevasskjelde i enno 2-3 år og seinare som reservevasskjelde. Tiltaket kan gje negative effektar for dette. I tillegg vil endra tapperegime med overføring av Krossatjørnane til Svartavatnet og tapping av dette vatnet med tunnel ned at til ny kraftstasjon ved Bogevatnet vera negativt i friluftssamanheng med tørrlagde elvefar og sørjerender i magasina. Vaksdalvassdraget vil missa vassføringa frå Svartavatnet. Dette vassdraget er frå før kraftig regulert og nye reguleringar er planlagt med fråføring av vatn i øvre del til Samnanger»

I brev frå Boge kraft AS til Norges vassdrags- og energidirektorat av 01.06.2015 vert Vaksdal kommune anmoda om å ta saka opp til ny vurdering

Det er gjort ein endring i søknaden:

1 Vegen langs Bogevatnet fram til kraftstasjonen vert senka under sumarsesongens lågaste regulerte vasstand (LRV), som er 1 meter under HRV. I konsesjonssøknaden som vart handsama i kommunestyret 4. mai var vegen lagt 0,1 m under HRV.

Når det gjeld natur og miljø peiker Boge kraft på at det ikkje vert endringar i reguleringsregimet for Krosstjørna. Vidare så peiker Boge kraft på at restfeltet ned mot fossen i Fossadalen har same storleik som nedbørfeltet til Krosstjørnane slik at det visuelle inntrykket av fossen i nokon grad vert ivareteken.

Fråføring av vassføring til Vaksdalvassdraget utgjer 21 % i nær Svartavatn, medan den gradvist minkar nedover i vassdraget til 3 % nedst i vassdraget.

Rådmannen vurderte informasjonen frå Boge kraft om vassføring og reguleringsregime til ein presisering basert på kjente opplysningar i konsesjonssøknaden. Dei negative effektane for natur og friluftsliv vert som før. Det vart likevel vist til at senking av vegen langs Bogavatnet er vil redusere risikoen for motorisert ferdsel langs Bogevatnet, og er såleis positivt for drikkevasskjelda.

Rådmannen rådde til å ta saka til orientering.

Kommunestyret ga i møte 22.06.2015 formannskapet fullmakt til å handsame saka i første møte over ferien. Formannskapet ga då positiv tilråding: *«Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Det bør leggjast inn i*

konsesjonsvilkåra at alle omsyn vert tekne for at Bogevatnet skal vera kommunal drikkevasskjelde i 2 - 3 år og sidan vera reservevasskjelde for Vaksdalbygda.

Framføringsveg til kraftverket skal liggja ein meter under sommarsesongens lågaste regulerte vasstand.

Oppstart av utbygginga skal ikkje starta før ny drikkevasskjelde i Sædalen er på plass.»

Bevaring av Vaksdalvassdraget opmoda om å ta saka opp på nytt. Brevet vart lagt fram som referatsak for kommunestyret saman med notat frå rådmannen. Kommunestyret bad samrøystes rådmannen om å leggje fram ei ny sak, denne gong med to alternative tilrådingar. Det er den saka som no er oppe til vurdering. Rådmannen sitt notat av 05.11.2015, samt dei to føregåande sakene er

vedlagt saka her og det vert vist til argumenta i dei.

Vurdering

Negativ uttale:

I konsesjonssaker er det viktig at kommunen syter for at det er best mogeleg balanse mellom fordelar og ulemper. I dei føregåande sakene som har vore oppe til handsaming har dei negative verknadene vore løfta fram og vurdert som mest framtrekande. Det vert vist til argumenta i dei føregåande sakene. På den bakgrunn vert det foreslått alternativ 1 slik at kommunen går imot at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk.

Positiv uttale:

Gitt at det er tale om å gje konsesjon er det også viktig at kommunen syter for balanse mellom fordelar og ulemper. Vassressurslova §§ 25 og 26 heimlar høve til å stille viktige vilkår for eventuell konsesjon, og det er sentralt at kommunen nyttar dette høvet så langt råd.

Det vil vere viktig for kommunen å vurdere og eventuelt leggje til grunn at det bør etablerast ein samordningsavtale med utbyggjar. I dette høvet er det tale om utbygging av ein storleik som ikkje gjer det truleg med økonomiske ytingar til kommunen gjennom ein utbyggingsavtale. Men ein samordningsavtale med føresegner som tek sikte på å avbøte eventuelle negative verknader av kraftutbygginga lyt kommunen uttrykke forventningar om.

Friluftsliv, natur og overskotsmassar

Ein samordningsavtale kan for det første ha i seg forventningar om avbøtande tiltak for inngrep i friluftsliv og natur.

Vidare kan den ha i seg regulering av kva som skal skje med massane frå borelholet. Utbyggjar pliktar å samordne plassering og bruk av overskotsmassar med kommunen, og dersom kommunen er interessert, blir det rutinemessig inngått nærare avtalar om korleis til dømes uttak av massar skal skje.

Eigedomsskatt:

Skattegrunnlaget for Boge Kraft AS (1+2) har auka frå 23,3 mill til kr 29, 2 mill for 2016 i følge tal frå Sentralskattekontoret. Dette utgjer ca kr 204 000 i kommunal eigedomsskatt for 2016.

For Norsk Grønnkraft AS er skattegrunnlaget oppgitt til kr 30,6 mill for 2016, det er ein reduksjon på om lag 4 mill frå 2011. For 2016 vert kommunal eigedomsskatt ca kr 214 000.

Både inntekter og kostnader påverkar skattegrunnlaget, det er derfor vanskeleg å berekna korleis ei ev utbygging vil slå ut for eigedomsskatt. Generelt vil ei utbygging medføre begrensa eigedomsskatt dei første åra, men kunne medføre auka skatt etter kvart.

Truleg vil ei ev utbygging kunne gje noko auka eigedomsskatt på sikt avhenging av utviklinga i kraftmarknaden. Ev avbøtande tiltak som påverkar kostnadane t.d i oppstartsfasen kan redusere skattegrunnlaget i denne fasen, men vil ha mindre effekt over tid. Ev tiltak som påverkar produksjonen t.d. minstevassføring, vil redusere skattegrunnlaget generelt.

Vederlaget til kommunen for rettighetene er knytt til omsetninga i kraftselskapet.

Fallrettar, vassføring og reservevasskilde

I konsesjonssøknaden til Boge kraft AS er samla auke i kraftproduksjonen for Boge 1, 2 og 3 oppgitt til

7,0 GWh.

Fråføring av vatn frå Vaksdalsvassdraget fører til ei reduksjon i samla årsproduksjon ved Ardalen og Møllen kraftverk (Norsk Grønnkraft AS) på 2,1 GWh. Netto produksjonsauke vert med dette 4,9 GWh. Med ein kostnad på 23,2 mill. kr vert utbyggingskostnaden 4,7 kr/kWh.

Vaksdal kommune kjøpte og overtok i 1970 alle rettigheter som Boge Mølle i si tid erverva i Bogevasdraget. Frå 1978 har vassdraget vore nytta til kommunal vassforsyning for området Vaksdal.

I 2004 kjøpte kommunen vassrettane for Krossjørnane tilbake frå Vaksdal Mølle AS, Ks sak 33/04. I 2005 inngikk Vaksdal kommune avtale med Boge kraft om leige av kommunens rettigheter i Bogevasdraget. Avtalen gjeld for fallet frå Boge vatnet til sjø.

Avtalen har en varighet på 40 år, med opsjon på forlenging i ytterlegare 40 år og regulerer:

- Boge kraft sine rettigheter og plikter,
- Tilhøve til kommunal vassforsyning
- Leie av kommunens fallrettigheter i Bogevasdraget
- Vederlag for kommunens rettigheter.

Det er ikkje inngått avtale mellom Vaksdal kommune og Boge kraft om fallrettighetane frå Krossjørnane til Boge vatnet.

Boge kraft har i e-post til Vaksdal kommune av 11. november 2015 varsla kommunen om at dei har sendt inn endringsmelding til NVE om bortfall av nedtapping i Krossjørnane. I opprinneleg søknad vart vatnet foreslått regulert med 1 m.

Svartavatnet som i dag er del av Vaksdalsvassdraget vert reguleringsmagasin med ein reguleringshøgde på 6 m. Vatnet vert overført til Boge vatnet i eit 2100 m langt borehol frå planlagt kraftstasjon i nordenden av Boge vatnet til utslag under lågaste regulerte vannstand (LRV) i Svartavatnet.

Plassjef hjå Norgesmøllene på Vaksdal, Håvar Lundekvam, har i e-post til Vaksdal kommune av 30.11.2015 gjort greie for konsekvensane ved utbygging:

«NM har en avtale med Norsk Grønnkraft AS som inneholder kjøp av tilgjengelig kraft som produseres på de to kraftstasjonene i Vaksdalsvassdraget, samt en vaktavtale. For kraften kjøpt fra Norsk Grønnkraft AS betaler Norgesmøllene AS ikke nettleie og effektledd. For resterende kraft som Norsk Grønnkraft AS må kjøpe fra BKK, viderefaktureres den til markedspris for energi og effektledd.»

Bortfall av over 20 % av magasinkapasitet i Vaksdalsvassdraget vil som følge gi mindre tilgjengelig kraft / effekt på eksisterende kraftstasjoner – da spesielt vinterstid. Dette får naturligvis følger for Norgesmøllene AS med økt nettleie og effektledd.»

I saksutgreiinga for val av vasskjelde for Vaksdal kommune lå det føre to alternativ:

- Boge vatnet med bygging av fullreinseanlegg ved Boge.
- Grunnvatn i Sædalen

Kostnadene ved dei to alternativa var små. Årsaken til at administrasjonen tilrådde Sædalen var at Vaksdal vassverk ved utbygging i Sædalen vart sikra ein reservevasskjelde. Det er difor viktig å verne om aktivitetar som kan føre til auka risiko for ureining i nedbørfeltet til Boge vatnet også i framtida.

Rådmannen viser elles til føregåande saksutgreiingar og legg saka fram for politisk handsaming.

TIDLEGARE HANDSAMING:

Kommunestyret 09.11.2015

Behandling: Til referatsak 1 og 4:

Framlegg frå Heidi Rongved på vegner av AP og SP:

Vaksdal kommunestyre ber om å få utbygging av Boge 3 til ny handsaming. Vi ber om eit saksframlegg som gir grunnlag til to alternative tilrådingar, ein negativ og ein positiv. Utgreiinga må omfatta eventuelle konsekvensar for Norgesmøllene og Felleskjøpet sine anlegg på Vaksdal.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.08.2015 - Sak 80/2015

FPØ - Behandling:

Endringsframlegg frå Heidi Rongved, på vegner av AP, SP, KRF:

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Det bør leggjast inn i konsesjonsvilkåra at alle omsyn vert tekne for at Bogevatnet skal vera kommunal drikkevasskjelde i 2 - 3 år og sidan vera reservevasskjelde for Vaksdalbygda.

Framføringsveg til kraftverket skal liggja ein meter under sommarsesongens lågaste regulerte vasstand.

Oppstart av utbygginga skal ikkje starta før ny drikkevasskjelde i Sædalen er på plass.

Vedteke mot 1 røyst (SV)

FPØ - Vedtak:

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Det bør leggjast inn i konsesjonsvilkåra at alle omsyn vert tekne for at Bogevatnet skal vera kommunal drikkevasskjelde i 2 - 3 år og sidan vera reservevasskjelde for Vaksdalbygda.

Framføringsveg til kraftverket skal liggja ein meter under sommarsesongens lågaste regulerte vasstand.

Oppstart av utbygginga skal ikkje starta før ny drikkevasskjelde i Sædalen er på plass.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret gjorde i møte den 4. mai 2015 (sak 26/2015)følgjande vedtak:

Vaksdal kommune rår frå at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Bogevatnet vert nytta som kommunal drikkevasskjelde i enno 2-3 år og seinare som reservevasskjelde. Tiltaket kan gje negative effektar for dette. I tillegg vil endra tapperegime med overføring av Krossatjørnane til Svartavatnet og tapping av dette vatnet med tunnel ned at til ny kraftstasjon ved Bogevatnet vera negativt i friluftsamaheng med tørrlagde elvefar og sørjerender i magasina. Vaksdalvassdraget vil missa vassføringa frå Svartavatnet. Dette vassdraget er frå før kraftig regulert og nye reguleringar er planlagt med fråføring av vatn i øvre del til Samnanger.

I brev frå Boge kraft AS til Norges vassdrags- og energidirektorat vert Vaksdal kommune oppmoda om å ta saka opp til ny vurdering. Det er gjort ei endring i søknaden:

1 Vegen langs Bogevatnet fram til kraftstasjonen vert senka under sumarsesongens lågaste regulerte vasstand (LRV), som er 1 meter under HRV. I konsesjonssøknaden som vart handsama i

kommunestyret 4. mai var vegen lagt 0,1 m under HRV.

Når det gjeld natur og miljø peiker Boge kraft på at det ikkje vert endringar i reguleringsregimet for Krossstjørna. Vidare peiker Boge kraft på at restfeltet ned mot fossen i Fossadalen har same storleik som nedbørfeltet til Krossstjørnane slik at det visuelle inntrykket av fossen i nokon grad vert ivareteken. Fråføring av vassføring til Vaksdalsvassdraget utgjer 21 % i nær Svartavatn, medan den gradvis minkar nedover i vassdraget til 3 % nedst i vassdraget.

Vurdering

Etter rådmannens vurdering er informasjonen frå Boge kraft om vassføring og reguleringsregime ei presisering basert på kjente opplysningar i konsesjonssøknaden. Dei negative effektane for natur og friluftsliv vert som før.

Senking av vegen langs Bogavatnet reduserer risikoen for motorisert ferdsel langs Boge vatnet, og er såleis positivt for drikkevasskjelda.

Konklusjon

Etter rådmannens vurdering er endringa i konsesjonssøknaden ikkje vesentleg. Det er heller ikkje lagt fram vesentlig ny informasjon.

Kommunestyret 04.05.2015 - Sak 26/2015

KOM - Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - Vedtak:

Vaksdal kommune rår frå at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Boge vatnet vert nytta som kommunal drikkevasskjelde i enno 2-3 år og seinare som reservevasskjelde. Tiltaket kan gje negative effektar for dette. I tillegg vil endra tapperegime med overføring av Krossstjørnane til Svartavatnet og tapping av dette vatnet med tunnel ned at til ny kraftstasjon ved Boge vatnet vera negativt i friluftssamanheng med tørrlagde elvefar og sørjerender i magasina. Vaksdalsvassdraget vil missa vassføringa frå Svartavatnet. Dette vassdraget er frå før kraftig regulert og nye reguleringar er planlagt med fråføring av vatn i øvre del til Samnanger.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 20.04.2015 - Sak 30/2015

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

Vaksdal kommune rår frå at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Boge vatnet vert nytta som kommunal drikkevasskjelde i enno 2-3 år og seinare som reservevasskjelde. Tiltaket kan gje negative effektar for dette. I tillegg vil endra tapperegime med overføring av Krossstjørnane til Svartavatnet og tapping av dette vatnet med tunnel ned at til ny kraftstasjon ved Boge vatnet vera negativt i friluftssamanheng med tørrlagde elvefar og sørjerender i magasina. Vaksdalsvassdraget vil missa vassføringa frå Svartavatnet. Dette vassdraget er frå før kraftig regulert og nye reguleringar er planlagt med fråføring av vatn i øvre del til Samnanger.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune rår frå at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Boge vatnet vert nytta som kommunal drikkevasskjelde i enno 2-3 år og seinare som reservevasskjelde. Tiltaket kan gje negative effektar for dette. I tillegg vil endra tapperegime med overføring av Krossstjørnane til Svartavatnet og tapping av dette vatnet med tunnel ned at til ny kraftstasjon ved Boge vatnet vera

negativt i friluftssamanheng med tørrlagde elvefar og sørjerender i magasina. Vaksdalvassdraget vil missa vassføringa frå Svartavatnet. Dette vassdraget er frå før kraftig regulert og nye reguleringar er planlagt med fråføring av vatn i øvre del til Samnanger.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Boge Kraft AS ynskjer å nytta vassfallet Bogevasdraget i Vaksdal kommune og søker om å byggja kraftverket Boge 3, å overføra vatn frå Krosstjørnane til Svartavatn og å fortsetja eksisterande reguleringsregime for Svartavatn og Krosstjørnane. Boge 1 og Boge 2 er allereie bygd ut. Den planlagde utbygginga ligg søraust for Vaksdal tettstad. Utbygginga vil også påverka Vaksdalvassdraget som får fråført vatn. Begge vassdraga har utlaup til Sørfjorden.

Prosjektskildring:

Kraftverket vil nytta eit fall på 277 meter i Bogevasdraget, frå inntaket i Svartavatn på kote 751 moh til kraftstasjonen på kote 474 moh. I tillegg skal vatn frå Krosstjørnane overførast til Svartavatn og begge desse vatna skal regulerast som ved dagens reguleringsregime, Krosstjørnane med 1 meter og Svartavatn med 7 meter. Vassvegen vil bestå av eit 380 mm borehol frå stasjonsområde og opp under Svartavatn, ei lengde på om lag 2100 meter. Overføringa frå Krosstjørnane til Svartavatn vil skje via eksisterande kanal. Det skal byggjast en 750 meter lang tilkomstveg i kantsona aav Bogevatnet frå eksisterande anleggsveg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 187 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 250 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 560 kW, og vil etter planane produsere 3,7 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 10 l/s i heile året. Alminneleg lågvassføring er berekna til 7,5 l/s.

Ved å bruka magasina til effektkøyring vil ein ha vatn til å produsera heile året. Vatnet vil også gje ekstra produksjon i Boge 2 (1,9 GWh) og Boge 1 (1,45 GWh). Fråføring av vatn frå Vaksdalvassdraget gjennom boreholet i Svartavatn til Bogevasdraget, fører til ei reduksjon i årsproduksjonen ved Ardalen og Møllen kraftverk samla på om lag 2,1 GWh. Netto produksjonsauke frå tiltaket er altså 4,92 GWh. Total kostand er kr 23,2 mill. kr

Ein vil knyta seg til nettet ved hjelp av 22 kV kabel som frå stasjonen skal liggja i vatnet for deretter liggja nedgraven dei siste 100 metrane og koplast til BKK si overføringsline. Kabelen vert kring 550 m. Utbyggingsprisen er på 4,7 kr/kWh (medrekna total produksjonsauke). Ser ein berre på Boge 3 sin produksjon, er prisen 6,3 kr/kWh.

Kraftstasjonen på 64 m² er tenkt plassert på kote 474 nordaust ved Bogevatnet der Fossadalselva renn ut i vatnet. Utløpet frå stasjonen går ut i Bogvetanet like nedanfor.

Verknad for natur og samfunn

Landskap:

Nedbørfeltet er prega av høgfjell, ope landskap med lite vegetasjon og mykje berg i dagen. Fossedalen er ein nordvestvend dal, med Bogavatn i botn. Bogevasdraget renn vidare nedover liene i Vaksdal ned mot Sørfjorden. Tiltaksområdet ber preg av å ha vore brukt til intensiv beitemark i tidlegare tider. Frå kraftstasjonen på 474 m.o.h. til inntaket på kring 751 er skoggrensa kring kote 500. Lia ovanfor er prega av fjellause heiar, stadar med tynt vegetasjonsdekke og fjell i dagen. Nedanfor skoggrensa, og kring fallet i Fossdalselva, er det glissen bjørkeskog, samt lyng og buskmark, som dominerer.

Vassvegen er tenkt som eit borehol frå stasjonsområdet og opp i Svartavatnet. Inntaket vert plassert under LRV (lågast regulerte vassnivå) og er alltid under vassflata. Planlagd veg langs kanten av Bogevatnet vil bli plassert under HRV (høgste regulerte vassnivå) slik at den ikkje er synleg ved fullt magasin. 22 kV kabel er tenkt lagt i vatnet og nedgraven på resten av strekninga. Den største

belastninga er fråføring av vatn i elveløpa, då særleg frå fossen i Fossdalselva ned til Bogavatn og frå Svartavatnet og ned Austmannagjelet til Vaksdalsvassdraget.

Ein søkjer minstevassføring på 10 l/s, fordelt på 6,5 l/s ned Vaksdalsvassdraget og 3,5 l/s i Bogevasdraget. Dette er noko over alminneleg lågvassføring på samla 7,3 l/s.

Ingen av inngrepa frå utbygginga vil redusera inngrepsfrie område (INON).

Konsekvensane for landskap vert av søkjar/konsulent vurdert som liten/middels negativ.

Biologisk mangfald:

Iflg. den biologiske rapporten frå NNI 2012 er det ikkje registrert raudlisteartar eller andre truga naturtypar i tilknytning til influensområdet. Etter oppdateringa av raudlista i 2010 vart alle elvelaup ført opp som nær truga (NT).

I Artskart er det registrert tre artstypar i området, to av dei innanfor influensområdet i Krosstjørnane, smålom og aure. Aure er registrert som LC (livskraftig). Smålom er klassifisert som fåtaleb, men ikkje lenger raudlista. Det er hjortebeite nede i fjordliene i Vaksdal, men ikkje i området som vert influert.

Det er ikkje påvist eller kjent fossesprøytoner i fossen i Fossdalselva ned mot Bogavatn.

Den biologiske rapporten konkluderer med at tiltaket vil ha liten negativ konsekvens for raudlisteartar og liten/middels negativ konsekvens for terrestrisk miljø.

Det er uklart om Austmannagjelet i Vaksdalsvassdraget mot Svartavatn er synfart.

Fisk:

Aurebestanden i Krosstjørnane vert oppretthalde ved utsetjing. Det er ikkje gytebekkar i innsjøen, og innsjøgyting er iflg. den biologiske rapporten lite truleg. Det er og ein aurebestand i Bogavatn.

Fossdalselva kan vera ein gytebekk, men denne vurderast til å vera ustabil og lite produktiv.

Bogavatn er eit regulert vatn, noko som kan antyda at aurebestanden er levedyktig trass i varierende vasstilhøve.

Den biologiske rapporten konkluderer med at tiltaket vil få liten/middels negativ konsekvens for akvatisk miljø. Den største belastninga er fråføring av vatn i elveløpa.

Vaksdalsvassdraget med Svartavatn er ikkje synfart for akvatisk miljø.

Kulturminne:

Det er iflg. tiltakshavar ingen registrerte kulturminne i utbyggingsområdet. Demningane på Svartavatn og Krosstjørnane kan vurderast som kulturminne. Desse vil bestå slik dei er i dag.

Samfunns- og brukarinteresser

Iflg. tiltakshavar er området i Fossadalen i liten grad nytta som friluftsområde. Det er ikkje turstiar, og området eignar seg dårleg til turgåing då det er eit bratt og ulendt terreng. Men det er stiar oppe på platået kring vatna, kor det er mykje snaufjell. Stiane er for det meste brukt av lokalbefolkninga.

Tiltakshavar meiner utbygginga vil ha liten eller ingen negativ innverknad på rekreasjon i området.

Området er ikkje nytta som beiteområde, skog- eller jordbruksområde.

Nedre del av Bogevasdraget er nytta til offentleg vassforsyning. Når kraftverket kjem i drift, vil det iflg. tiltakshavar ikkje medføra noko endring i vasskvaliteten. Det føreligg planar om å flytta vassforsyninga til eit anna vassdrag i kommunen.

Tiltaket vil gje eigedomsskatt til Vaksdal kommune, og det vil i anleggsfasen bli utført 3-4 årsverk og under drift 0,3 årsverk. Tiltaket vil vera med å auka produksjonen til Boge 1 og Boge 2. Boge 3 vil totalt tilføra ein produksjonsgevinst på 4,92 GWh.

Vaksdal kommune si vurdering:

Gjeldande planar:

I gjeldande kommuneplan for Vaksdal ligg området i LNF-område. I EU sitt vassdirektiv, ligg det inne i forvaltingsplanen framlegg om tiltak om forhandling for å få vassdragskonsesjonen. Utbygginga av Vaksdalvassdraget er så gamalt at det er konsesjonsfritt.

Landskap:

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk vert utbyggingsområdet klassifisert som sårbart høgfjellsområde av «stor verdi». I slike område seier fylkesdelplanen at ein skal «vera restriktiv med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen». Avbøtande tiltak kan iflg. planen vera «tunneldrift og veglaus utbygging» (R4).

Det søkte tiltaket er planlagt med borehol frå Svartavatn til kraftstasjonen ved Bogavatnet og ein 750 meters lang tilkomstveg til den same stasjonen og vil delvis bli skjult under HRV. Saman med tilknytning til nett via kabel vil dette delvis vera i samsvar med småkraftplanens retningslinjer om avbøtande tiltak. Fylkesrådmannen vil likevel peika på at tilkomstvegen vil bli synleg ved lågare vasstand i Bogavatnet og såleis bli eit sår i landskapet. Også lågare vassføring i fossen ned til Bogavatnet og fråføring av vatn i elveløpa elles, i særleg frå Svartavatn og ned Austmannagjelet, vil gje reduserte landskapskvalitetar.

Tiltaket fører til endra reguleringsregime enn eksisterande. I dag renn Krossatjørnane med stabil vassføring ned gjennom Fossadalselva til Bogeavatnet. I 1970-åra vart det av «Vaksdal Mølle» sprengt ein kanal frå Krossatjørnane for å få vatn over til Svartavatnet. Denne kanalen vart i si tid aldri heilt ferdig og difor ikkje brukt. Boge kraft planlegg no å ta i bruk denne for å overføre Krossatjørnane til Svartavatnet. Dei vil effektøyra Krossatjørnane med 1 m. Vatnet er mykje brukt i friluftssamheng av nærliggjande hytter. Vatnet er svært grunt og ei nedtapping vil gje kraftige «sørjerender». Eg har snakka med tidlegare damvaktar frå Vaksdal Mølle, som seiar at Svartavatnet er det neste største vatnet i området Blåfjellet og Vaksdalfjellet. Nedslagsfeltet er lite og det tek lang tid å fylla vatnet opp att dersom det vert nedtappa. Svartvatnet har tradisjonelt vore lite nedtappa og brukt som tillegsvassføring til Vaksdalvassdraget med ei opning på luka på berre ca 10 cm. Vatnet har stått ope frå januar og ca 3 mnd.

Vaksdal kommune meiner at det er skissert for låg minstevassføring for begge vassdraga, med 3,5 l/s til Boge vassdraget og 6,5 l/s til Vaksdalvassdraget. Dette vil nesten tørleggja desse elvestrengane. Vatnet frå Svartavatnet gjennom Austmannagjelet gjev i dag eit viktig bidrag med vatn til Lonane som er eit mykje brukt friluftsområde innanfor Herfindalen i Vaksdalvassdraget. NVE må sjå Boge 3 i samheng med BKK sine planar om å overføre øvre deler av Vaksdalvassdraget til Samnanger. Dette vil også redusera vassføringa i Vaksdalvassdraget.

Biologisk mangfald:

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk er det i Boge vassdraget ikkje registrert naturtypar og artar av stor verdi. Det er registrert smålom i Krossatjørnane, men sidan det ikkje blir endringar i reguleringsregimet for vatna, er det sannsynleg at arten ikkje blir påverka. Vaksdal kommune kan ikkje sjå at Vaksdalvassdraget er synfart og vurdert. Det blir også sagt i avsnittet om akvatisk miljø (kap. 3.7) i søknaden: «Vaksdalvassdraget er ikkje befart. Man antar at begge elvane har regiotypisk bunndyrfauna.»

Austmannagjelet frå Svartavatn og ned i Vaksdalvassdraget er i småkraftplanen registrert som naturtypen bekkekløft med «potensial», dvs. at kløfta har potensiale for raudlisteartar og difor skal undersøkjast og vurderast særleg grundig. Me kan ikkje sjå at det er gjort i søknaden. Før endeleg vurdering av konsesjon må difor Vaksdalvassdraget og Austmannagjelet i samsvar med retningslinjene i småkraftplanen (R11.5) kartleggast for biologisk mangfald. Om tiltaket fører til skade på natur- og artstypar av stor verdi, må NVE vurdere avslag på søknaden eller auka minstevassføring frå Svartavatn.

Fisk:

Det er aurebestand både i Krossjørnane (utsetjing) og Bogavatnet (sannsynlegvis levedyktig). Vaksdalsvassdraget med Svartavatn er ikkje synfart. Frå lokalt hald vert det sagt at det er fin fisk, men dårlege gytetilhøve, slik at fisk vert sett ut. Her må det setjast vilkår om ei fiskekartlegging, for eit nytt inngrep for å sjå på konsekvens for fisk ved ei utbygging.

For å styrkja rekrutteringa til aurebestanden i Bogavatn, bør også NVE vurderer høgare vassføring i Fossdalselva då dette er ein gytebekk.

Kulturminne:

Dei gamle dammane i området er frå 18880-åra og vert sett på som lokale kulturminne. Det er viktig at nye inngrep tek omsyn til desse.

Friluftsliv:

Tiltaket er planlagt i eit område som i Område for friluftsliv er registrert som «viktig utfartsområde» (Bogaskaret-Herfindalen). Gjennom Bogaskaret går det tursti over til Øvrebo og Dyrhovden i dalen mot Kvitingen, men stien går ikkje i sjølve utbyggingsområdet. Aanleggsvegen laga i samband med Boge 2 går heilt opp til Bogeavatnet og er mykje nytta av lokalfolk i friluftssamheng. Området nord og aust for Bogavatnet der tilkomstvegen til kraftstasjonen er planlagt, er mindre eigna for turbruk, men fråføring av vatn i fossen vil vera negativt for opplevingsverdien av landskapet. Stien til Blåfjellet kjem midt oppe i lia inn att i Fossdalen og fylgjer elvestrengen opp til Krossjørnane. Folk går så vidare innover til Vaksdalfjellet ved å passera Svartavatnet og kryssa Austmannabotnen.

Fråføring av vatn frå elva frå Svartavatn ned Austmannagjelet får negative konsekvensar for landskapsopplevinga frå den DNT-merka stien i Herfindalen til turisthytta Høgabu. Stien går nord for Lonane med innsyn til gjelet.

Drikkevatt:

Vaksdal kommune eig fallrettane i vassdraget og har gjort avtale om bruk til Boge Kraft. Det er restriksjonar på bruken i høve til drikkevattnet. Bogeavatn fungerer i dag som drikevasskjelde for tettstaden Vaksdal og Boge med ca 1200 innbyggjarar. Vaksdal kommune tek i bruk ny grunnvasskjelde i Sædalen om 2-3 år, men Bogeavatnet vil i framtida fungera som reservevasskjelde. Anleggsarbeid med vegbygging inne i Bogeavatnet og boring av tunnel kan påverka drikkevattnet negativt med tilgrumsing og fare for utslepp av oljehaldige produkt.

Konklusjon

Vaksdal kommune rår frå at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Bogeavatnet vert nytta som kommunal drikevasskjelde i enno 2-3 år og seinare som reservevasskjelde. Tiltaket kan gje negative effektar for dette. I tillegg vil endra tapperegime med overføring av Krossjørnane til Svartavatnet og tapping av dette vatnet med tunnel ned at til ny kraftstasjon ved Bogeavatnet vera negativt i friluftssamheng med tørrlagde elvefarar og sørjerender i magasina. Vaksdalsvassdraget vil missa vassføringa frå Svartavatnet. Dette vassdraget er frå før kraftig regulert og nye reguleringar er planlagt med fråføring av vatn i øvre del til Samnanger.